



Arild Hopland  
Lurevegen 220  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1828 - 15/20635

Saksbehandlar:  
Astrid Aarhus Byrknes  
ordforar@lindas.kommune.no

Dato:  
29.05.2015

## Svar til Arild Hopland sitt lesarinnlegg om fortau på Seim i Avisa Nordhordland laurdag 23. mai 2015

Historia om fortauen på Seim er historie med fleire partar. Kommunen er ein part, det same er Hordaland fylkeskommune som eig fylkesveg 402 og Statens vegvesen som driftar han. Reguleringsplanen du visar til heiter «Seim skule med utbetring av 402». Der er fortauen teikna inn langs riksvegen framfor skuletomta og om lag ein kilometer nordover frå innkøyringa til skulen – retning butikken på Seim.

I føresegnene, som skildrar korleis ein skal oppfylle krava i planen, står det følgjande: «Fortau/busslommer langs skuletomta, mellom profil 608 og 1080, vert bygd ferdig i samband med utbygging av ny skule.» Sagt på ein annan måte: Då kommunen bygde ny skule til elevane i bygda, måtte kommunen bygge eit nytt fortau framfor sjølve skuletomta. Det var eit absolutt krav. I den same føresegna står det også at «vidare utbygging av fortau/omlegging av leidningsnett vert søkt gjennomført i eit spleiselag mellom Hordaland fylkeskommune og kommunen.» Dette fortauen heng med andre ord tett saman med bygging av ny fylkesveg – og er eit krav fylkeskommunen må innfri når dei legg om vegen.

Då kommunen planla skulen på Seim, såg ein raskt at det å leggje om fylkesvegen framfor skulen og flytte den kommunale hovudvassleidninga, for å gi plass til det planlagde fortauen ville fordyre – og kanskje velte heile prosjektet. Kostnaden var totalt rekna til 18 millionar kroner. Kommunen la difor fortauen inn på sjølve skuletomta, og sökte om dispensasjon til å bygge eit midlertidig fortau på skuletomta i staden for å flytte riksvegen. Søknaden om dispensasjon galdt ikkje bygging av den resterande kilometeren.

Fylkesmannen klaga først på dei nye planane til kommunen, men trakk motsegna, fordi kommunen argumenterte med at fortauen på skuletomta var eit midlertidig tiltak i påvente av ny fylkesveg. Kommunen hadde også dialog med Statens vegvesen, som godkjente den nye traseen til fortauen på skuletomta.

Eg ønskjer som deg, og heilt sikkert alle andre som ferdast langs denne vegen, at Hordaland fylkeskommune skal prioritere å bygge ny veg langs dette strekket. Vegen er smal og gamal, og ikkje ein trygg stad å gå tur – verken for elevar på skulen eller dei som bur i området. Eg løftar difor fram denne strekninga og andre tilsvarande strekningar i kommunen på kvart einaste kontaktmøte eg har med fylkeskommunen og Statens vegvesen.



Eg forstår at du er utålmodig. Det er eg også. Eg vil difor fortsette å leggje press på fylkeskommunen, og håpar at kravet mitt om betre veg og eit fortau som aukar trafikksikkerheita til Seimsbygda til slutt vert innfridd.

Eg vil også invitere deg til ein prat, slik at vi kan leggje ein plan for korleis vi saman kan halde oppe trykket på denne saka. Eg skal gjere det eg kan som ordførar og politikar i Lindås kommune, og håpar at du også vil engasjere deg vidare.

Med helsing

Astrid Aarhus Byrknes  
ordførar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arild Hopland

Lurevegen 220      5912

SEIM